

Sand Bygdekvinnelag - Årsmelding 2023/2024



Styret har i perioden vore:

Leiar:	Grete Holmboe
Nestleiar:	Farah Alhasan
Sekretær:	Anne Margrethe Myhre
Kasserar:	Hanne Lund-Johansen
Styremedl.:	Anne Mo
Vara:	Else Fremmersvik Sidsel Økstra
Revisor:	Knut Møgedal
Valnemnd:	Randi Jørgensen, Hanna Maria Nilsen

Det har i perioden vore 3 styremøte.

Styret har i tillegg ei Messengergruppe der ein tek opp mindre saker og innspel som krev avklaring mellom styremøta.



Rogaland Bygdekvinnelag, årsmøte: Grete og Alia deltok som utsendingar for oss og Rahel var med som observatør. Møtet var på Byrkjedalstunet i Gjesdal, 15. - 16. mars.


Lagsarbeidet

Årsprogrammet har som vanleg, vore variert men alltid basert på Bygdekvinnelaget sin formålsparagraf og satsingsområde. Me har lagsmøte omlag ein gong i månaden. I tillegg kjem samlingane i Hagen. Me har laga ny rollup som syner vår eigen lokale aktivitet. I år har me hatt samarbeid med 4H, Suldal Bondelag, Naturvernforbundet i Suldal, Ryfylkebiblioteket og dei tre andre bygdekvinnelaga i kommunen.



Andelshagen

Også i år har me hatt stor aktivitet i hagen og potetåkeren, med samling kvar onsdag frå kl.17-19 sidan påske og fram til ut september. Du kan lesa meir om hagen og potetåkeren lenger bak i årsmeldinga.



Saman for inkludering - pilotprosjekt

Sand BKL er eit av 5 bygdekvinnelag som har er forsøkskaniner i NBK sitt nye satsingsområde. Målet er å utvikla kvaliteten til opplæringstilbudet til våre minoritetskvinner og styrka deira muligheter på veg til sysselsetting. Opplegget er eit forpliktande samarbeid mellom lokale myndigheter, som hjå oss har vore Suldal kommune v/Introsenteret og Frivilligsenteret og frivillige.



Nøysomt - satsingsområde frå NBK

Sand BKL har deltatt på 3 av 4 satsingsområde i prosjektet

- Dyrk sjølv - Hagen og potetåkeren
- Matsvinn - Bruka plommer frå hagen og poteter frå potetåkeren
- Lage og reparere sjølv - Kurs med VØLT, reparasjon av klær



Sand BKL sende inn **uttale til høyring** vedk. distriktsleddet i organisasjonen.

Frivilligbørs. Lag og org. viste seg fram og utveksla idear til program og ressursar til ulike aktivitetar. Grete og Anne Margrethe representerte.



Onsdag 23. oktober: Årsmøte

Me summerte opp året som var gått og la planar for komande år.
Kulturhuset i Suldal, 12 frammmøtte

Tirsdag 14. november: Margit Dale: Naturleg – om berekraft og det gamle matstellet, og kvifor det er meir aktuelt enn nokon gong. I samarbeid med dei 3 andre Bygdekvinnelaga og Suldal Bondelag. Kulturhuset i Suldal, 85 frammmøtte

Onsdag 22. november: Hagefest. Me takka alle deltakarane og gode medhjelparar med ein skikkeleg fest med god mat, leik og dans. Kulturhuset i Suldal, ca 60 frammmøtte.

Onsdag 6. desember: Julagraut i gardshuset på Haua. Me laga bærekraftig julepynt saman og åt graut. 20 frammmøtte.

Onsdag 24. januar: Pizzakveld. Me laga våre egne pizzaer og steikte dei i bakaromnen. Bakehuset på Hanakamsneset, 18 frammmøtte.

Onsdag 28. februar: Diagnose kvinne - Liv Bjørnhaug Johansen I samarbeid med Saniteten og Ryfylkebiblioteket. Kulturhuset i Suldal, 47 frammmøtte

Onsdag 20. mars: Bokkveld Anne Mo tok fram interessante bøker frå biblioteket. Medlemmene fekk og presentere si favorittbok. Kulturhuset i Suldal 10 frammmøtte.

Onsdag 24. april: Brannvern i heimen. Sigbjørn frå Haugaland brann og redning lærte oss mykje om førebygging av brann i heimen vår. Me fekk også prøva å slokka ein skikkeleg brann med brannslange. Kulturhuset i Suldal, 10 frammmøtte

Laurdag 20. mai: Familietur til Eidsvika. Me hadde samarbeid med Naturvernforbundet i Suldal og hadde invitert 4H til å vera med. Naturvernforbundet hadde laga naturquiz og hadde stasjonar med tema skogen, fuglar, insekter, ville vekster og seljefløyte. Anne hadde lesestund. Etterpå hadde me bålpanne og nistemat ute og ungane leika i skogen. 45 deltakarar med stort og smått.

Tirsdag 27. august: Surdeigsbrød - vart utsett til seinare.

Laurdag 14. sept. VØLT - reparasjon av kler - kurs Heidi Bjørnsdotter Thorvik lærte oss mange kunstneriske og kreative måtar å reparera klede på. Me fekk både stoppa, lappa og brodera. Kulturhuset i Suldal, 7 deltakarar

Søndag 8. september: Hausttakkefest.

Me pynta kyrkja med grønn saker og blomar. Offeret i kyrkja denne dagen går til Rogalandsgarden i Kamerun-Sambolabo. Sand kyrkje.



Onsdag 25. september: Hagetakkefest

Me takka alle deltakarane og gode medhjelparar i hagen og potetåkeren med ein skikkeleg fest med god mat, leik og dans. Biletkavalkade som synte breidda i aktiviteten gjennom sesongen. Sosan Mollestad frå NBK var med oss og takka for ein flott inkluderingsiltak med usedvanleg stor breidde i deltakarane, både alder, kjønn og nasjonalitet. Kulturhuset i Suldal kl. 19.30, ca 80 deltakarar.



Laurdag 5. oktober: Haustmarknad.

Me steikte og selde vaflar, lappar og kaffi. I år hadde me veldig god hjelp av både enkeltpersonar og alle dei kjekke ungdommane frå Bygdevon 4H. Møgedal Mek. Verkstad, 16 deltakarar. I tillegg var det 14 medlemmer av 4H med 3 vaksne som hjalp oss.



Onsdag 16. oktober: Kråka - stygg og smart?

Familieprogram der me blei kjent med kråka og andre kråkefuglar. I samarbeid med Naturvernforbundet i Suldal. Kulturhuset i Suldal - 35 frammøtte

Onsdag 30. oktober: Årsmøte.

Me summerer opp året som er gått og legg planar for neste år. Kulturhuset i Suldal, 12 frammøtte

Hagen og potetåkeren:

Hagen er vårt samlingspunkt frå påske til ut september. Kvar onsdag frå kl. 17 - 19 er det full aktivitet der, med graving, planting, lusing, vatning og hausting. Me har flytta på plantekassar og fylt på med meir jord, hestemøkk og sand for å betra jordsmonnet. Me fekk og laga oss nye kompostbingar. Nokre grønnsaker slår til veldig bra, medan andre er litt meir motvillige, og gir lite avling.

Drivhuset har i år gitt mange flotte tomater. Me laga oss også eit par fårer med grønnsaker og erter ved sida av potetåkeren, og dei gav gode avlingar. Avlinga blir fordelt etter beste evne på familienivå.

Potetåkeren på Hava vart utvida frå 100 m² til godt og vel 200 m². Me sette 10 kg tidlegpoteter og 50 kg. Astriks. Og nå har me hausta rundt 600 kg poteter, sjølv om tørråten var hard med åkeren på eit tidspunkt.

Rundt hageborda går praten lett, og raud saft og kjeks er høgdepunktet for dei yngste. Me pratar om, og smakar på norske grønnsaker og frukt. Her snakkar me norsk og forklarar ord og uttrykk som dukkar opp. Og det blir også både litt om kvardagslivet og kanskje situasjonen i heimlandet.

Frammøtet varierer litt med vær og ferietid, men me har vore oppe i over 20 vaksne og 20 barn samtidig dei finaste dagane. Me har hagevenner frå Eritrea, Sudan, Syria, Ukraina, Kongo, Somalia, Kurdistan og Norge. Hagen er ein arena for mykje læring for alle deltakarane, og samhandling på kryss og tvers av opphav.

Fleire av aktivitetane i Hagen og Potetåkeren er knytt til NBK-prosjektet Nøysam.

